



Hordaland fylkeskommune
Pb 7900
5020 Bergen

Dok.dato: 16.02.2018

Vår Ref: 16/110-81

Arkiv:

-
- **SØKNAD OM OMDISPONERING AV FOR- OG HOVUDPROSJEKT I OPPRINNELEG SØKNAD SKAGANESET/KVALVÅGEN**
 - **MELLOMRAPOPPERING OG OPPMODING OM UT BETALING AV TILSEGNET**

I høve søknad av 31.10.16 er det gjort ein del endringar i budsjett og framdrift i prosjektet Kvalvågen/Skaganeset. Vi fekk tilsegn om halvparten av summen vi søkte på og måtte såleis skalera ned budsjettet. Grunna arkeologstudentane sitt val av tema i praksisfaget sitt, prioriterte vi arbeid med steinalderlokalitetane på Skaganeset. I søknaden skisserte vi eit års forprosjekt, men gjennom studentane sitt praksisfag og med ein feltarbeidar som følgde opp studentane og ei arbeidsgruppe med brukarar av Psykiatritenesta, Ungdomskontoret og NAV, gjekk vi laus på hovudprosjektet samtidig.

Det er på det grunnlaget gjort endringar av det vi kalla forprosjekt i prosjektplanen for 2017. Mykje tid har gått med til rydding av vegetasjon rundt lokalitetane, utsiktspunkt og tilrettelegging av ei kulturminneløype. Studentane har utarbeidd ein rapport om arbeidet sitt og laga lydfiler som skal illudera ein steinalderfamilie i arbeid. Dei har òg kome med framlegg om tekst til kulturminnetavler som skal setjast opp på Skaganeset i løpet av våren 2018. Fylkeskommunen har tatt på seg ansvaret for å ferdigstillast og utforma tavlene. Ein skjøtselsplan for kulturminneløypa skal òg vera på plass i år.

Vi har søkt om nye BARK-midlar for 2018. Dei er planlagt brukt til å implementera kulturminneløypa i web-appen www.ordispor.no. To nye studentar frå AHKR vil saman med Skogsvåg skule laga eit aktivitetssopplegg med elevane løpet av våren 2018. Ein av avdelingsleiarane ved skulen vert frå i år medlem i prosjektgruppa. Det skal lagast reviderte prosjektplanar for 2018 og 2019.

Sluttrapportering til Riksantikvaren vil koma i løpet av 2019.

Revidert budsjett 2017

Løn prosjektmedarbeidar/feltarbeid	kr 230.000
Teljeapparat/dugnad	kr 10.000
Turskilt/dugnad	kr 80.000
Layout	kr 30.000
Administrasjon	kr 50.000
Materialkostnad	kr 10.000
Studentarbeid m. tekst, lydfiler m.m.	kr 120.000
Sum	kr 530.000

Rekneskap 2017

Lønsutgifter feltarbeid/prosjektmedarbeidar (timeført à kr 600t)	kr 327.600
Kulturvernmidlar skiltrammer/materiale til klopper	kr 11.458
Eigeninnsats administrasjon/prosjektgruppa (timeført)	kr 115.300
Dugnad rydding (timeført turlaget)	kr 9.000
Teljeeapparat (konkret kostnad)	kr 32.765
Dugnad (timeført à kr 300)	kr 22.701
Studentinnsats (200 t x 2 à kr 300)	kr 120.000
Sum	kr 638,224

Sund kommune har hatt større kostnader enn budsjettet, sjølv om utgifter til lay-out på kulturminnetavlene og skiltmidlar ikkje kom med i 2017. Tilskotet frå BARK går til å delfinansiera løn til feltarbeidaren.

Vi ber om å få utbetalt kr 200.000 frå BARK-midlane til ktnr 3470.09.50850
Merk utbetalinga Kultur.

Vedlegg: Revidert prosjektplan 2017
Løypemelding til politisk saksgruppe Næring og utvikling (SNU)

Skogsvåg 16.02.18

Laila Klemetsaune